



Arkivnr: 2014/166-2
Saksbehandlar: Bjørn Inge Midtgård

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Samferdselsutvalet		22.01.2014
Fylkesutvalet		30.01.2014

Søknad om driftsstøtte til Nordhordlandspakken AS

Samandrag

Selskapet Nordhordlandspakken AS har i brev frå 22.11.2013 (vedlegg 1) søkt om driftsstøtte for 2014. Føremålet for selskapet er å arbeida for utbygging og standardheving på utvalde vegar og strategiske viktige tilførselsvegar i Nordhordland og Bergen nord gjennom bompengepakken Nordhordlandspakken.

Arbeidet med Nordhordlandspakken har pågått i lengre tid og det er viktig å koma i mål med dette arbeidet. Med føreslege løyving i 2014 på kr. 250 000, vil samla løyving frå HFK til selskapet vera på kr. 1 050 000 sidan 2010. Fylkesrådmannen er positiv til å gje driftsstøtte til Nordhordlandspakken AS også for 2014. Men fylkesrådmannen forventar at søknaden snart vert ferdigstilt. Skulle det bli behov for ytterlegare driftsstøtte til utarbeidinga av søknaden, vil fylkesrådmannen evaluera arbeidet med søknaden. Fylkesrådmannen rår til at fylkesutvalet løyver kr. 250 000 til Nordhordlandspakken AS til drift av selskapet, finansiert over fylkesutvalet sin tilleggslovyvingskonto.

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet løyver kr 250 000 til Nordhordlandspakken AS til drift av selskapet.
Budsjettet for 2014 vert endra slik:

Konto 10 120 930 00 14700 Ymse tilskot aukar med	kr 250.000
Konto 10 720 200 00 14700 Til rådvelde for fylkesutvalet går ned med	kr 250.000

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

1 Søknad om driftsstøtte til Nordhordlandspakken AS

Fylkesrådmannen, 10.01.2014

Bakgrunn

Selskapet Nordhordlandspakken AS har i brev frå 22.11.2013 (vedlegg 1) søkt om driftsstøtte for 2014. Føremålet for selskapet er å arbeida for utbygging og standardheving på utvalde vegar og strategiske viktige tilførselsvegar i Nordhordland og Bergen nord gjennom bompengepakken Nordhordlandspakken.

Om søknaden

Nordhordlandspakken AS søker eigarane om kr. 625 000 i driftsstøtte for 2013. Søknadssummen er fordelt slik:

- Hordaland fylkeskommune kr. 250 000 (40 % eigardel)
- Nordhordland Utviklingselskap IKS kr. 250 000 (40 % eigardel)
- Bergen kommune kr. 125 000 (20% eigardel)

Budsjettet skal finansiera kjøp av konsulenttenester i samband med utarbeidinga av ein bompengesøknad, styrehonorar/dagleg leiing og rekneskapstenester/revisjon.

Om Nordhordlandspakken

Nordhordlandspakken er under utarbeiding og omfattar Nyborgtunellen samt veg - og kollektivtiltak på fylkesvegnettet og på E39 i Nordhordland. Nyborgtunellen er med i NTP 2014 – 2023 med finansiering etter 2017, men er framleis ikkje planavklart. Ein tek likevel sikte på å fremja bompengesøknad for tidlegare realisering av prosjekt i pakken som har planavklaring. Det er planlagt å fremja bompengesøknaden for dei planavklarte prosjekta lokalt våren 2014, med vidare handsaming i fylkestinget i juni 2014. Planarbeidet for Nyborgtunellen vert forsert når bybaneplanane i Åsane er avklara, og prosjektet er tenkt innlemma i pakken når godkjent reguleringsplan ligg føre.

Tidlegare vedtak om driftsstøtte

HFK har tildelt slik driftsstøtte til Nordhordlandspakken AS:

År	Kr.
2010	200 000
2011	200 000
2012	200 000
2013	200 000

Fylkesrådmannen sine merknader

Arbeidet med Nordhordlandspakken har pågått i lengre tid og det er viktig å koma i mål med dette arbeidet. Med føreslege løyving i 2014 på kr. 250 000, vil samla løyving frå HFK til selskapet vera på kr. 1 050 000 sidan 2010. Fylkesrådmannen er positiv til å gje driftsstøtte til Nordhordlandspakken AS også for 2014. Men fylkesrådmannen forventar at søknaden snart vert ferdigstilt. Skulle det bli behov for ytterlegare driftsstøtte til utarbeidinga av søknaden, vil fylkesrådmannen evaluera arbeidet med søknaden. Fylkesrådmannen rår til at fylkesutvalet løyver kr. 250 000 til Nordhordlandspakken AS til drift av selskapet, finansiert over fylkesutvalet sin tilleggsloøyvingskonto.